



«Denne fjøsen er som skapt for føremålet... Beste spelestad for Markens Grøde ever». Skodespelar Gard B. Eidsvold sin spontane reaksjon etter framsyninga på Bjelde Gard.

Side 12 og 13

Gir Bjelde Gard topp karakter

■ Eidsvold siterer OL-Samaranch ■ Lagar låvenettverk

SOGDAL: «The best wintergames ever», sa Juan Samaranch etter OL på Lillehammer. Skodespelar Gard B. Eidsvold låner sitatet når han skal beskriva Markens Grøde på Bjelde Gard.

Og etter snart 100 framsyningar sidan premieren på «Låveturnéen» i 2006, veit Gard B. Eidsvold godt kva han snakkar om.

– Dette meiner eg verkeleg. Denne fjøsen er som skapt til føremålet. Og måten alt er lagt til rette på for oss rundt denne framføringa, måten me er blitt mottekne på her på garden og ikkje minst måten publikum tok i mot oss på i kveld, byggjer opp under min påstand: beste spelestad for Markens Grøde «ever», seier ein strålende opplagd Gard B. Eidsvold, ein halvtime etter kraftprestasjonen som Isak frå Sellanraa.

Fantastisk turné

Kollega Juni Dahr gir han si heile og fulle støtte.

– Me har mott fantastisk mange hyggelege folk rundt om i heile landet i samband med dette prosjektet. Eg har lært meir av denne turneen enn mest noko anna, spesielt om alle dei energiske, kraftfulle og engasjerte folk som bur ute i distrikta. Og det å koma hit til Sogndal og garden til Ragnvald og Britt, slår det meste anna, seier Juni Dahr. Ho undrar seg over at ikkje kulturminister Trond Giske eller andre kulturpolitikarar har teke seg bryet med å fokusera på kor viktig det vil vera å utvikla dette prosjektet der profesjonelle skodespelarar reiser rundt og spelar i fjøs og låvar som aldri er brukt til dette for folk som aldri har vore på teater før – eller i ein fjøs for den del.

Energien avgjorde

Under ein samtale ved havets festbord etter førestellinga/framsyninga avslørte Juni Dahr og produsent Marianne Roland korleis Ragnvald Bjelde hadde overtydd dei om at dette var ein stad dei måtte vitja.

– Det var noko med energien i e-postane frå denne mannen. Noko med viljen, entusiasmen og det usminka ønsket om å få



DRAMA: Dei to skodespelarane leverer ein kraftprestasjon av dei heilt sjeldne tett på publikum.



BALANSE: Med enkle grep driv regissoren historia framover.

oss på besøk som overtydde oss. Me forstod vel rimeleg tidleg at dette var ein mann med den gjennomføringskraft som skal til, seier Roland.

I samband med dette prosjektet har ensemblen vitja ei lang rekke ulike spelestader rundt om i vårt landstrekke land i lokale som aldri var

meint for dette.

– Det seier seg sjølv at me måtte forsikra oss om at arrangørane faktisk visste kva dei dreiv med.

Kjem heim

Etter premieren torsdag kveld var ikkje produsenten særleg i tvil om at valet hadde vore av



STEMNING: Sjøkk andleta til publikummarane bak Isak (Gard B. Eidsvold) og du skjonar kanskje kva teateroppleving dei har hatt på Bjelde gard.

det lukkelege slaget.

– Me kjem på alle måtar heim til dykk, de oppnar heimen for oss, og det er flott. Eg er så glad for at eg har fått vera med på dette, seier Juni Dahr, som hevar med styrke at dette prosjektet er ei form for distriktsbygging som bør prissettast.

– Sogndal er nok ikkje det

beste døme på akkurat det, men me har altså vitja stader der det aldri har vore teater før.

Nettverk

Både skodespelarane og produsent Roland vonar at det let seg gjera å byggja vidare på røynselene i samband med denne turneen.

– I etterkant av prosjektet er det etablert eit låvenettverk, der også Bjelde Gard er med. Tanken er å prøva ut liknande prosjekt seinare. Det er mange stykke å ta av, og me har no vist at landet har ei lang rekke spelestader som me tidlegare ikkje har tenkt på. Dette er teater ut til folket, der folk er, meiner dei tre.

– Og berre så det er sagt, legg Gard B. Eidsvold frå tjukkaste Frogner til:

– Etter å ha vore på vegen i snart fire og eit halvt år har eg lært noko, eg har fått litt bondsk audmjukheit og det er av det gode.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

Takka familie og vener

SOGDAL: Ragnvald Bjelde takka familie og vener for at dei hadde brukt ei veke i arbeidsleiren på Bjelde Gard i samband med Hamsunmarkeringa.

– Utan dykkar innsats hadde dette ikkje vore mogeleg, sa Bjelde under festmåltidet etter den lokale premieren.

– Det er utruleg at slekt og

vener har stilt opp i den arbeidsleiren dette har vore for å få dette til. Ein snart fem år gamaldraum går i oppfylling i kveld. Dette er stort, sa ein tydeleg rørt Bjelde då han takka for ei utruleg framsyning. Verten nytta også høvet til å takka kokk Joar Søhol frå Laxen i Lærdal som leverte eit formidabelt havets festbord.

Slitet

Ordførar Jarle Aarvoll helsa frå kommunen og la ikkje

spesielt stor skjul på kor imponert han var over framføringa ein etasje over.

– Det er 35 år sidan eg las Markens Grøde sist, eg skal lesa boka opp att no. Eg vart mest sliten av å vera med dykk der oppe, for det var nesten slik – at også me i publikum var med. De heldt meg fanga i kvart sekund, sa ordføraren som også rosa Bjelde Gard for initiativet og gjennomføringa av arrangementet.



RØRT: Ein rørt Ragnvald Bjelde takkar Juni Dahr og Gard B. Eidsvold, i bakgrunnen eit fantastisk havets festbord.



STAB: Denne gjengen har vore på arbeidsleir ei veka tid no, unntaket er kokk Joar Søhol (t.v.).

Ikkje gå glipp av dette

DET ER IKKJE ofte du har «angrefrist» om du let vera å gå på ei teaterframsyning her på våre kantar. Som oftast er det berre ei framsyning, gå på den eller glem det.

Ikkje slik for Markens Grøde på Bjelde Gard. Torsdag kveld var det lokal premiere på stykket i fjøsen til Ragnvald Bjelde og Britt Skjærset, som står bak det kunststykket det er å gjera Bjelde Gard til det den er denne veka. I går var det fullsett fjøs då over 200 elevar frå vidaregåande fekk oppleva det unike teaterstykket på nært hald, og ikkje nok med det – både i kveld og i morgon ettermiddag er det nye sjansar.

OG ALTSÅ, HAR du ynskjer om ei unik teateroppleving, grip den einestående sjansen - etter i morgon ettermiddag kjem han nemleg aldri att.

EG HAR VORE på ein del teaterstykk, men aldri eitt som har vore så intimt, så tett og – etter kvart – så altoppslukande. På benkene i bjeldefjøsen blir du rett og slett dregen inn i stykket, Bjelde blir Sellanraa i Yngve Sundvor si dramatisering av Knut Hamsuns udøyelege roman.

Denne produksjonen har ein intimitet og ei kraft som bergtek, rett og slett. Med enkle grep driv dei to skodespelarane Juni Dahr og Gard



Jan Inge Fardal
MELDAR

Teater

Markens Grøde Bjelde Gard
Ca 180 tilskodarar
Med Gard B. Eidsvold og Juni Dahr
Dramatisering og regi – Yngve Sundvor
Musikk – Lars Hornveth og Tore Brunborg
Produsent – Marianne Roland
Lys: Frank Tangen



B. Eidsvold fram historia om nybrotsmannen Isak og hans ektemake Inger med hareskåret på ein fascinerande måte. Regigrepet der dei to rollefigurane kommentera utviklinga undervegs er genial og gir spesielt Eidsvold noko ekstra å spela på, spesielt som Ingers halvsuspekta slektning, men også Juni Dahr som lensmann er minneverdig.

MEN MEIR ENN noko er dette stykket ein fantastisk kraftprestasjon av dei to skodespelarane som held det gåande i halvannen time i den evige kampen for å byggja seg eit liv for seg og sine. Dei spelar med ein energi og ei innleving som me sjeldan ser – og sjølv om dei har spelt stykket mange gonger dei siste åra, er det imponerende at dialogen sit så hundre prosent.

DEI FLESTE AV oss har lese Knut Hamsuns nobelprisa roman ein eller annan gong i livet, i fjøsen på Bjelde Gard er du nesten ein del av handlinga. Det er utruleg imponerende og ikkje til å gå glipp av.

ER DET SÅ ikkje eitt einaste minus? Vel, eg angra litt på at eg ikkje tok med sitjeunderlag, på ei anna side – tresmak bak passar jo på Sellanraa...



Gard B. Eidsvold og Juni Dahr